

Mandat for ekspertutval om tilskotsordning for Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn

Bakgrunn

Regjeringa ønskjer eit livssynssope samfunn, der alle har respekt for og kunnskap om trua og livssynet til andre. Trus- og livssynssamfunna er viktige både for einskildmenneske og for storsamfunnet. For mange menneskje utgjer samfunna viktige fellesskap, og dei skaper tilhørslse og identitet. Både finansiering, oppfølging og innsyn i religiøse samfunn er offentlege oppgåver, og det skal stillast krav til trus- og livssynssamfunna om demokrati, openheit og representasjon utan å gripe inn i religionsfridommen.

Føremålet med staten si støtte til trus- og livssynssamfunn er å legge materielt til rette for trus- og livssynsfridommen. Gjennom Grunnlova § 16 er staten forplikta til å understøtte Den norske kyrkja (Dnk) og dei andre trus- og livssynssamfunna økonomisk. Grunnlova slår fast at Den norske kyrkja er ei folkekyrkje og skal bli støtta av staten som det, og at alle trus- og livssynssamfunn skal bli støtta på lik linje.

Tilskotet til Dnk skal bidra til at kyrkja kan ivareta sitt oppdrag etter Grunnlova § 16. Derfor blir det i statsbudsjettet sett eit hovudmål for løyvinga om at «Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkjande, sjølvstendig og demokratisk folkekyrkje.» For tilskota til andre trus- og livssynssamfunn er det sett følgjande mål: «Tilskota til trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja skal forvaltast effektivt og leggje til rette for eit mangfald av trus- og livssynssamfunn.»

Problemomtale

Tilskotsordninga for trus- og livssynssamfunn utanom Dnk er utforma som ei ordning basert på rettar der løyvinga blir utrekna på grunnlag av støtta til Dnk. Samfunna har eit lovfesta krav på eit tilskot som om lag svarar til staten og kommunane si samla løyving til Dnk, rekna per medlem hjå Dnk.

Ifølgje SSB er talet på medlemmer i Dnk redusert med meir enn 210 000 frå 2019 til 2023. Samstundes har talet på tilskotsteljande medlemmer i andre trus- og livssynssamfunn auka frå 697 257 til 757 464. Kravet som kom i 2021 i den nye trussamfunnslova om minst 50 medlemmer for å få tilskot som trus- eller livssynssamfunn, hadde ikkje nemneverdig innverknad på talet på tilskotsteljande medlemmer sidan fleire samfunn slo seg saman.

Tilskot til trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja er ein rett samfunna har, med ein regelstyrt berekningsmåte for storleiken på tilskotet per medlem. Med eit stabilt rammetilskot til Den norske kyrkja, gir nedgangen i medlemstalet for Dnk ein vekst i tilskotet per medlem for dei andre trus- og livssynssamfunna. Og når det i tillegg har vore ein vekst i medlemstalet for andre samfunn dei siste fire åra på nær sju prosent, gir det ein vesentleg vekst i dei samla kostnadene for staten til trus- og livssynssamfunn. Dei samla offentlege utgiftene til trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja auka frå om lag 790 mill. kroner i 2019 til 1 mrd. kroner i 2023. Satsen for statstilskot per medlem har auka frå 1 310 kroner i 2021 (då ny trussamfunnslov tok til å gjelde) til 1 496 kroner i 2024.

Føremål, oppdrag og rammer for ekspertutvalet

Føremål

Føremålet med gjennomgangen av ordninga er å kome fram til forslag til alternative tilskotsordningar som er meir berekraftige og føreseielege for Dnk, andre trus- og livssynssamfunn og staten enn det dagens ordning er.

Oppdrag

Føremålet med dagens tilskotsordning er å sikre at Dnk kan vere folkekyrkje og at dei andre trus- og livssynssamfunna blir støtta økonomisk om lag på lik linje med Dnk og på lik linje med kvarandre. Dette er forankra i Grunnlova § 16 og skal liggje fast. Det overordna målet med lovgjevinga på området er å føre ein aktivt støttande trus- og livssynspolitikkk som eit grunnlag for eit livssynsoppe samfunn.

Utvalet skal vurdere alternative tilskotsordningar for Den norske kyrkja og dei andre trus- og livssynssamfunna. Som ein del av utgreiinga skal utvalet kartlegge Den norske kyrkja sitt samfunnsoppdrag som landsdekkjande og demokratisk folkekyrkje. Det må også kartleggjast korleis likebehandling av trussamfunn blir ivaretatt i tilskotsordninga. Det skal vurderast om det særskilte ved folkekyrkjeoppdraget til Dnk gir grunnlag for å justere tilhøvet mellom finansieringa av Dnk og tilskot til andre trus- og livssynssamfunn, samstundes som kravet til likebehandling etter Grunnlova § 16 blir oppfylt.

Utvalet skal greie ut fleire moglege tilskotsordningar/-løysingar og komme med tilråding til minst ein ny og framtidsretta finansieringsmodell av Dnk og andre trus- og livssynssamfunn. Alternative modellar skal vurderast opp mot handlingsrommet etter Grunnlova og menneskerettane (bl.a. EMK artikkel 9). Det er ein føresetnad for dei ulike alternativa at dei er i samsvar med Grunnlova.

Føringar for arbeidet

- Utvalet skal leggje til grunn at staten framleis skal yte tilskot til Den norske kyrkja som folkekyrkje og likebehandling av andre trus- og livssynssamfunn, og at Grunnlova § 16 dermed ikkje skal endrast. Det er korleis støtta blir utrekna som skal vurderast.
- Utvalet skal vurdere korleis endringar i tilskotsordninga kan vidareutvikle relasjonen og samarbeidet mellom trus- og livssynssamfunn og kommunen. Utvalet skal leggje til grunn at dagens kommunale ansvar for finansiering av Dnk blir vidareført, inkludert kommunane si rolle og ansvar i kyrkjebevaringsprogrammet.
- Ansvar for gravplassforvaltninga og gravplasslova ligg fast.
- Utgreiinga skal leggje til grunn at kvart sokn skal vere betjent av prest og kvart bispedømme av biskop (trussamfunnslova § 16).

Utvalet skal, i dialog med departementet, sette ned eit kontaktutval med representantar frå organisasjonane på feltet, inkludert ulike trus- og livssynssamfunn og kyrkjeverjene. Utvalet skal følgje utgreiingsinstruksen og rettleiar for utvalsarbeid i staten. Om det er spørsmål om tolking eller avgrensing av mandatet skal det takast opp med Barne- og familiedepartementet, og departementet kan supplere mandatet om det er behov for det. Utvalet skal levere ein rapport med kortfatta og poengterte tilrådingar. Frist for avlevering til departementet er 20. august 2025.